

ARKIVERKET  
Sognsveien 221  
0862 OSLODato: 02.09.2019  
Vår ref.: 2019/56-14  
Saksbehandlar: stubind  
Dykkar ref.:

## Arkiva etter Vossa jazz - sluttrapport

I 2016 fekk Hordaland fylkesarkiv tildelt kr. 65 000 i prosjekt- og utviklingsmidlar til prosjektet «Arkiva etter Vossa Jazz». Målet var å samle inn, ordne, registrere og gjere tilgjengeleg arkiva etter festivalen.

### Gjennomføring

Prosjektet er no gjennomført og avslutta. Arkivet består av blant anna sakarkiv, styreprotokoller, rekneskap og ulike artistkontraktar. Elles finn ein cd-ar og kassetar - demoar sendt inn av internasjonale og nasjonale artistar som hadde eit ønske om å opptre under festivalen. Det er også ei nesten komplett samling av festivalplakatane. Desse er skanna. Vi har vore i dialog med Nasjonalbiblioteket om mogleg digitalisering av lydmaterialaet. Arkivet utgjør ca. 30. hyllemeter.

Vi har involvert tidlegare aktive i festivalen i prosjektet med innsamling, registrering av foto og intervju av tidlegare artistar, tilsette, frivillige eller publikum. Intervjua vart gjort med lydopptakar og utsending av intervjuuskjema.

### Formidling

Arkivet er registrert i Asta, men katalogen har vi ikkje fått publisert då vi venter på oppdatert programvare som er naudsynt for publisering på den nye arkivportalen. Det vil skje i løpet av hausten 2019. Då vil også festivalplakatane bli tilgjengeleg. Når det gjeld publisering av intervju, må vi vurdere publiseringskanal. Hordaland fylkesarkiv har tidlegare nytta Fotostation med publisering i fotoweb, men i samband med samanslåinga med Sogn og Fjordane fylkeskommune ser vi på felleisløysingar saman med Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.

I 2017 heldt Sturla Binder ved Hordaland fylkesarkiv eit foredrag på privatarkivkonferansen som omhandla prosjektet. I Arkheion nr. 1 2019 skreiv prosjektmedarbeidar Knut Kjosås ein artikkel om prosjektet.

<b>Rekneskap</b>		
	<b>Inntekter</b>	<b>Utgifter</b>
Prosjektkostnader – lønn prosjektmedarbeider		58 000
Prosjektkostnader – innkjøp kontor- og ordningsrekvisita		7000
Prosjektkostnader reiseutgifter		3000
Kompensasjon til dei frivillige som arbeide med fotoregistrering og intervju.		20 000
Prosjekttilskot Arkivverket	65 000	
Hordaland fylkesarkiv	23 000	
<b>Sum:</b>	<b>88 000</b>	<b>88 000</b>

Elisabeth Bjørsvik  
konst. fylkesarkivar

Sturla Binder  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*